

Bergen, 12. desember 2012

Instituttstyrar Leiv Egil Breivik
Institutt for framandspråk
Universitetet i Bergen

Framlegg om prioritering av stilling i Brasil-studier (brasiliansk språk og kultur)

Underskrivarane av dette brevet vil gå inn for at den ledige stillinga i latinamerikansk kulturkunnskap (etter Line Schjolden) vert verande ei fagstilling innanfor Latinamerika-studier, men vert omdefinert til å gjelda brasiliansk kultur og språk. Det er ein mangel ved vårt fag som områdestudium at me ikkje kan tilby eigne Brasil-emne her ved UiB, samstundes som det nasjonalt er eit underutvikla fagfelt.

Når me dessutan veit at norsk næringsliv – og då særleg vestnorsk næringsliv – satsar stort på etableringar i den økonomiske stormakta i regionen og at det no også vert lagt føringar for eit nærare statleg samarbeid mellom vårt land og Brasil, ser me det som ein del av vårt samfunnsansvar at me verkar til å byggja opp kulturell, språkleg og samfunnsfagleg kompetanse på det som ser ut til å kunna verta ein norsk hovudsamarbeidspartnar i åra som kjem.

Studenttalet på vårt fag har gått ned i den seinare tid. Det skjer samstundes med at profilen vår som områdestudium har vorte svekka. For nokre år sidan miste faget ei stilling i latinamerikansk litteratur og seinare vedtok HF-fakultetet å leggja ned eit vellukka tverrfagleg Bachelor-program om Latinamerika – som var eit samarbeid med SV-fag som Sosialantropologi, Geografi og Samanliknande politikk, og som ingen av partnarane ynskte å avvika. Skulle me no også avvika ei stilling i latinamerikansk kulturkunnskap, ville me gjera studietilbodet vårt endå ringare og medverka til å svekka det som har gjort fagstudiet hjå oss særleg attraktivt, og som såleis har vore vår store føremon i den nasjonale konkurransen om rekruttering til studiet.

Det er på mange fagfelt eit stort potensiale for samarbeid mellom UiB og brasilianske universitet, men dersom ein ikkje byggjer ut eit tilbod i språk- og kulturstudier, vil noko av dette kunna verta vanskelegare å gjennomføra eller få eit mindre omfang enn ynskjeleg. Når det gjeld vårt eige fag med tilhøyrande disiplinar, har me t.d. nett hatt nettverksmøte (videokonferanse) med det nye internasjonale og gjennomført tospråklege (spansk- og portugisisk-brukande) universitetet UNILA i Foz de Iguazú. Både med omsyn til forskingsinteresser og studentutveksling, kan denne institusjonen verta ein svært interessant samarbeidspartnar.

I tillegg har Universitetet i São Paulo, som no ei tid har vore det høgast rangerte av universiteta i heile Latin-Amerika, gjeve uttrykk for at dei gjerne vil ha ein samarbeids- og utvekslingsavtale med UiB. Dei har også sagt seg viljuge til å vera med på å byggja opp Brasil-studier hjå oss. Det må også nemnast at dette universitetet tilbyr norsk som

fagstudium, noko som talar for at det her burde liggja til rette for ei fullt ut gjensidig lærarutveksling mellom HF-fakultetet i Bergen og tilsvarande fakultet i São Paulo.

Når me vidare tek med i reknestykket at både den brasilianske ambassaden i Oslo og andre samfunnsaktørar har gjeve lovnad om hjelp til å byggja opp fagområdet, talar alt dette for at me no satsar på å koma i gang med eigne Brasil-emne her ved UiB.

Miguel Angel Quesada Pacheco

Jon Askeland

Ana Beatriz Chiquito
(s)

Annette Myre Jørgensen
(s)

Synnøve Ones Rosales
(s)

María Alvarez-Solar
(s)

Hans Jacob Ohldieck
(s)

Håkon Tveit
(s)

kopi til

Dekanus ved Det humanistiske fakultet

Rektor ved UiB